



## Protokoll frå styremøte i NGIR

**Tid:** 15.12.2014, kl 13.30 – 16.30

**Stad:** Vågseidet

### Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Kristin Handeland, Vigdis Sjøvik, Martin Soltveit (1. vara)

### Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Rune Ones, Hilde Lysø (ref.)

### Sakliste:

- Sak 28/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 29/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 30/14 Meldingar
  - a. Diverse munnleg orientering
  - b. Spørjeundersøking gjenvinningsstasjonar
  - c. Rekneskap per 3. kvartal 2014
- Sak 31/14 Møteplan 2015
- Sak 32/14 Løn \*

*\* Denne saka er unnateke offentleg innsyn med heimel i Lov om offentleg forvaltning, § 13, lekk 1, og protokoll vert difor berre sendt til styret.*

### Sak 28/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **Sak 29/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Protokoll frå styremøte 07.10.2014 vart godkjent og signert.

## **Sak 30/14 Meldingar**

### **a) Diverse munnleg orientering**

#### **1) Tilsyn frå Arbeidstilsynet**

Arbeidstilsynet har – etter tips frå publikum – vore på tilsyn på gjenvinningsstasjonen på Manger. Bakgrunnen for dette var at der var observert ein komprimatorkonteinar som kundane sjølv kunne aktivera. Konteinaren hadde vore på service/reparasjon, men det viste seg at feilen ikkje var retta. Feil er retta opp, og Arbeidstilsynet vil få rapport med skildring av tiltak som er gjennomført.

#### **2) Tilsyn frå Fylkesmannen**

Fylkesmannen har – som lekk i ein landsomfattande aksjon – vore på tilsyn på NGIR sitt deponi i Kjevikdalen. NGIR fekk tre manglar etter tilsynet, som må rettast opp. (Manglane var knytt til manglande risikovurdering av miljøpåverknad ved evt. stans i oppsamlingsanlegget for deponigass + manglande risikovurdering av sigevassanlegget/reinseanlegget + manglar ved mottakskontroll av avfall.)

#### **3) Verneombod**

Eitt av NGIR sine verneombod har sagt frå seg vervet, m.a. med bakgrunn i opplevd mobbing/trakassering frå ein annan tilsett. Bedriftshelsetenesta er kopla inn i saka, og det er gjennomført møte med dei tillitsvalte. Nytt verneombod er valt.

#### **4) Ny presse på sorteringsanlegget**

Den nye pressa på NGIR sitt sorteringsanlegg for papir/papp/plast er under montering. Arbeidet har vore noko meir utfordrande enn venta, men truleg vil den nye pressa snart vera på plass, og driftssikkerheita på anlegget vil verta betre.

## 5) Endringar i IKS-lova

Det er foreslått endringar i IKS-lova som, dersom dei vert vedteke, vil føra til at NGIR må gjera endringar i si selskapsavtale. Desse endringane må i så fall vedtakast av alle NGIR sine eigarkommunar. Administrasjonen vil koma attende med saksutgreiing, dersom det vert naudsynt. Administrasjonen vil og sjå på om det er andre endringar det kan vera tenleg å føreslå å gjennomføra samstundes.

## 6) Hold Norge Rent

Hold Norge Rent er no etablert som eige selskap (og er dermed ikkje lenger ein del av Avfall Norge). NGIR har tidlegare vore relativt passiv i forhold til aksjonar initiert av Hold Norge Rent, m.a. på bakgrunn av at ryddeaksjonar strengt tatt ikkje skal finansierast via renovasjonsgebyret. NGIR har likevel gjennomført noko som lekk i det haldningsskapande arbeidet (via skuler, velforeiningar m.fl.). NGIR har i 2015 sett av midlar frå overskot Næring, slik at me kan verta meir aktive i t.d. Strandryddeaksjonen. Planen er at NGIR *ikkje* skal bruka midlar til å finansiera sjølve ryddearbeidet (det må t.d. kommunane eller frivillige stå for), men at midlane kan dekkja kostnader knytt til transport og handsaming av avfallet. NGIR vil invitera til samarbeid med kommunane om dette, for å drøfta og koordinera arbeidet.

## 7) Nye kontraktar/anbod

NGIR vil framover arbeida med nye kontraktar/anbod for slamtømming (i samarbeid med Sunnfjord Miljøverk) og for konteinartransport. For sistnemnde må NGIR vurdera kor mykje av transportarbeidet me er tent med å utføra i eigenregi, og kor mykje me er tent med å setja bort til eksterne firma.

## 8) Nytilsetjingar

NGIR har tilsett ny produksjonsleiar (nyoppretta stilling, 100 %) og ny koordinator for ryddeaksjonar/auka nærings-satsing (nyoppretta stilling, 50 %).

## b) Spørjeundersøking gjenvinningsstasjonar

NGIR har i september/oktober i år gjennomført ei tilsvarande spørjeundersøking som hausten 2013, på gjenvinningsstasjonen i Kjevikdalen og på Mjåtveit. I Kjevikdalen vart totalt 698 kundar spurde (fordelt på fem dagar), og på Mjåtveit vart totalt 429 kundar spurde (fordelt på to dagar). Frå resultatata kan følgjande nemnast:

### **Kjevikdalen**

41 % seier at dei leverer avfall på gjenvinningsstasjonen 1-6 gongar per år.  
32 % seier at dei leverer avfall på gjenvinningsstasjonen 7-12 gongar per år.  
27 % seier at dei leverer avfall på gjenvinningsstasjonen 13 gongar eller meir per år.

9 % (64 stk) kan ikkje opplysa postnummeret der avfallet kjem frå (heim eller hytte).  
Det er grunn til å tru at ein del av desse er busette utanfor NGIR-regionen.

0,85 % (6 stk) seier at dei leverer næringsavfall.  
Det er mistanke om at ytterlegare 2 % (14 stk) leverer næringsavfall.

### **Mjåtveit**

0,5 % (2 stk) seier at dei kjem frå Bergen.  
Det er ikkje konkret mistanke om at fleire enn dette kjem med avfall utanfrå NGIR-regionen.  
4,7 % (20 stk) er mistenkte for å levera næringsavfall.  
Kundane vart ikkje spurde om kor mange gongar per år dei nyttar gjenvinningsstasjonen, då stasjonen på Mjåtveit vart opna i vår.

Det vert levert store avfallsmengder til stasjonen på Mjåtveit. I nokre veker i haust har det vore levert like mykje her som til stasjonen i Kjevikdalen. Det kan verta naudsynt å ha stasjonen på Mjåtveit open ein eller to dagar til i veka. Situasjonen vert vurdert fortløpande.

Styret drøfta situasjonen. Konklusjonen var at med dei mengdene "gratispassasjerar" det ser ut til å vera på gjenvinningsstasjonane i dag, så vil truleg omkostningane (ikkje berre dei økonomiske) ved å innføra eit betalingsssystem vera større enn gevinsten. Administrasjonen kan vurdere utviklinga utover våren 2015, og evt. koma tilbake til styret med ei ny orientering til sommaren. Då vil det framleis vera tid til å vurdere tiltak og kostnader før budsjettet for 2016 vert fastsett.

## **c) Rekneskap per 3. kvartal 2014**

Resultatet per 30.09.14 er + kr 4 414 000. Det er kr 6 727 000 meir enn budsjettet.  
Tilsvarande tal i 2013 var + kr 3 242 000 og kr 4 112 000 meir enn budsjettet.  
Oppsummering per avdeling viser:

<b>Per 3. kvart. 2014</b>	<b>Resultat</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
<b>Hushald</b>	kr 488 000	-kr 667 000	kr 1 155 000
<b>Verksemd</b>	kr 5 677 000	kr 338 000	kr 5 338 000
<b>Slam</b>	-kr 2 112 000	-kr 2 089 000	-kr 22 000
<b>Bilvrak</b>	kr 361 000	kr 105 000	kr 256 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 4 414 000</b>	<b>-kr 2 313 000</b>	<b>kr 6 727 000</b>

Det er sett opp prognosar for inntekter, kostnader og resultat for dei ulike avdelingane for resten av året. Dette er grove anslag basert på historiske data og forventa kostnads- og inntektsutvikling.

Prognosane for heile 2014 kjem ut med følgjande resultat:

<b>Prognose 2014</b>	<b>Forventa resultat</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Forventa avvik</b>
<b>Hushald</b>	-kr 896 000	-kr 1 835 000	kr 939 000
<b>Verksemd</b>	kr 4 800 000	kr 0	kr 4 800 000
<b>Slam</b>	-kr 480 000	-kr 386 000	-kr 94 000
<b>Bilvrak</b>	kr 1 137 000	kr 0	kr 1 137 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 4 561 000</b>	<b>-kr 2 211 000</b>	<b>kr 6 772 000</b>

**Styret tok orienteringane til vitring.**

### **Sak 31/14 Møteplan 2015**

Dagleg leiar hadde følgjande framlegg til møteplan for 2015:

<b><u>Type møte</u></b>	<b><u>Dato</u></b>	<b><u>Tid</u></b>	<b><u>Stad</u></b>
Styremøte	Måndag 2. mars	Kl. 13.30	Kjevikdalen
Styremøte	Måndag 27. april	Kl. 13.30	Kjevikdalen
Representantskapsmøte	Tysdag 26. mai	Kl. 11.30	Kjevikdalen
Styremøte	Måndag 15. juni	Kl. 13.30	Kjevikdalen
Styremøte	Måndag 31. august	Kl. 13.30	Kjevikdalen
Styremøte	Tysdag 6. oktober	Kl. 13.30	Kjevikdalen
Representantskapsmøte	Måndag 26. oktober	Kl. 11.30	Kjevikdalen
Styremøte	Måndag 14. desember	Kl. 13.30	NN Hotel

#### **Vedtak i styret 15.12.14:**

Dagleg leiar sitt framlegg til møteplan vart vedteke, men med flytting av styremøtet i oktober frå tysdag 6. til måndag 5. oktober.

## Sak 32/14 Løn

*Denne saka er unnateke offentleg innsyn med heimel i Lov om offentleg forvaltning, § 13, lekk 1, og protokoll vert difor berre sendt til styret.*

*Vågseidet, 15.12.2014*

-----  
Helge Fjellanger  
-styreleiar-

-----  
Ottar Skjelvik  
-styremedlem-

-----  
Kristin Handeland  
-styremedlem-

-----  
Kari Torkildsen Utkilen  
-styremedlem-

-----  
Vigdis Sjøvik  
-styremedlem-